

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Davik

Emne: Juletre og julehalm

Bygdelag: Endal og Davik

Oppskr. av: H.Aardalsbakke

Gard Endal, Askeland og Davik

(adresse): Davik

G.nr. 15-25 Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Ja juletre er no brukt i kvar einaste heim.
2. Det var i 1890 åra ein tok tål å ha juletre kring om i heimane, men det var ikkje brukt i kvar heim. I
3. kyrkjene var det ikkje brukt, men av og til i skulane frå same tid .
4. Nei ein brukar ikkje å pynta stova på den måten.
5. Nei.
6. Størelsen er avhengig av kor høgt det er under lemnen Til vanleg rekk treet nokolunde opp under lemnen. I ei vanleg stove vert det frå 3 til 3,5 m. I skule- og festlokale er det høgare.
7. Det er pynta med farga glaskuler og glitter. Av og til henger ein på litt juleknask som t.d. eple og liknande. Papirkorger med eit eller anna godt i er og vanleg. Ja det er mange ljøs på. Sume har elektrisk ljøs. Det var gode greier under krigen då det var uråd å få tak i vanlege juletreljøs.
8. Borna lyt få vera med å pynta det, men til vanleg er ein vaksen med for å hjelpa til så dei ikkje knusar pynten.
9. Treet står i ein såkalla juletrefot på golvet slik at det det kan flyttast midt fram på golvet når dei går kring

2

det og setjast til sides når det ikkje er i bruk. Dersom nokon ligg sjuk så lagar dei til eit lite juletre som kan stå på bordet, <sup>i sjukehuset</sup> men pyntar det elles på vanleg vis med kuler og ljós m.m.

10. Det vanlege er at ein kveikjer ljosa julekvelden når ein har ete steika. Då flytter ein det fram på golvet og går kring det og syng så lenge til ein vert trøyt. Så sløkkar ein ljosa og til vanleg vert dei ikkje kveikte meir julekvelden, men er der barn i huset lyt <sup>du</sup> kveikast mange gonger fram gjennom julehelga ofte kvar kveld. Nyttårskvelden og likeeins trekongers-eftan lyt det nok kveikast.

11. Ja ein går rundt treet og syng både salmar og julesongar. Er det born i huset så vert det sunge mykje. Ein syng nok ut alle som står i samneboka og i songbøkene. Her kjem me dine arme små er no sers mykje sunge, likeeins O jul med din glæde Og Glade jul og ellest alt som julesongar heiter.

12. Det er så ymse, men fram til tjugandehelga vert det no ståande. Når treet tek til å missa baret for mykje, må ein ha det ut.

13. Dersom ein har eit eller anna knask på treet, får borna lov til hausta det siste kvelden det er inne.

14. No brukar ein omlag berre gran-sume stader fure om ein har betre råd på det.

15. Før då var her ikkje gran og då laga ein seg juletre på den måten at ein tok ein staur som var heilt bein og borte regelmessige hol i det og så sette ein inn einekvister i den. På den måten kunne ein få retteleg pene tre. Stauren gøyndev dei så frå år til år. Noko sers namn på den slags tre kjenner eg ikkje. Men no er dette gått heilt av bruk.

3  
16. Nei det er ikkje kjent. Juleneket hengde ein opp i ein apal eller anna større tre nær huset-helst slik at ein kunne sjå fuglane frå stoveglaset.

I. Nei å ha halm på golvet om julekvelden er ikkje kjent her, men ein måtte alltid ha frisk eine og hakke retteleg små og ha ut over ~~gongen~~ stovegolvet og over golvet i gongen. Hadde ein ikkje det var det ikkje retteleg jul. På enkelte stader er det endå brukt å ha eine på golvet i gongen om julekvelden. Men skikken held på å døy ut. Halm på golvet er det ingen som kjenner til her, men det var vanleg skikke å skifte inn ny halm i sengane til jul.

4123

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING